



Bjørsvik Båtlag v/ Helge Blåsternæs
Bjørsvikvegen 9
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/853 - 20/7107

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:
10.02.2020

Trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 231/70 Bjørsvik

Tiltak: Utviding av eksisterande flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 231/70
Tiltakshavar: Bjørsvik Båtlag v/ Helge Blåsternæs

Vi treng meir informasjon for å handsama saka vidare

Som følgje av innvilget dispensasjon i Utval for areal, plan og miljø den 05.02.20, treng vi meir informasjon for å handsama saka vidare. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. De må visa korleis de vil oppfylle parkeringskravet i kommuneplanens arealdel (2019) § 2.6.5. Kravet for småbåtanlegg er minimum 0,3 og maksimum 1 parkeringsplass per nye båtplass. Parkeringsplassene må løysast på eigen grunn, eller i direkte tilknytning til tiltaket, jf. KPA § 2.4.2.
2. De må dokumentera løyve til auka bruk av avkjørsel i frå kommunal veg.
3. De må innhente løyve i frå Bergen og Omland havnevesen for utlegg av brygga i sjøen, jf. deira uttale. Kommunen kan gi rammeløyve utan eit slikt løyve, men det kan ikkje gis igangsettingsløyve utan eit slikt løyve.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 09.03.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eirik Berntsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bjørsvik Båtlag v/ Helge Blåsternæs

Bjørsvikvegen 9

5993

OSTEREIDET